



www.voss.kyrkja.no

Nr 6 | 2022 | 81. årg

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



3

EIN DEL
AV NOKO
STØRRE

4

SENIORTREFF
I VONHEIM

16

HELGEMESSE

DÅP,
KONFIRMASJON,
BRYLLUP,
MERKEDAGER OG
SMÅ OG STORE
SELSKAP
T: 56 52 05 00

Asta, Fredrik,
Signe og Marie
Fleischer

www.dehistoriske.no

DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER



56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Om Kyrkjenytt:

Kyrkjenytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Olly Langehaug, Johnny Lemme og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjenytt for Vossabygdene kjem ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

Neste nummer er Jolekveld i kyrkjelyden som kjem i veke 48. Frist for melding om stoff er torsdag 10. november.

Kyrkjekontoret på Voss:

Opningstider: måndag-fredag 9-15. (onsdag 10-15).

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.

Telefon: 56 52 38 80

www.voss.kyrkja.no

E-post: post.voss@kyrkja.no

Kontonr: 3480.16.45293

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy

tlf 906 99 533. E-post ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Voss Hans-Christian Küspert

tlf 954 50 572. E-post hk782@kyrkja.no

Fungerande sokneprest i Vinje, Oppheim og Raundalen Arnulf Sandvik

tlf 416 75 653. E-post as794@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad

Frode Kvamsøe

tlf 901 96 514. E-post fk796@kyrkja.no

Prostiprest Magnar Haaland

tlf 415 46 366. E-post mh977@kyrkja.no

Prestevikar Bengt Arvidsson

tlf 902 58 161. E-post: ba735@kyrkja.no

Soknerådsleiarar:

Evanger: Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970

Voss: Bjørg Helland, tlf 938 56 326

Oppheim: Monica Gudrun Hansen,

tlf 957 58 204

Vinje: Ståle Hirth, tlf 950 81 902

Raundalen: Johnny Lemme, tlf 401 82 912

Granvin: Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

Bilete:

Framsidebilete: Randi Kløve (Vangskyrkja).

S 3: Ivana Cajina, Unsplash.com.

S 16: Marcus Ganahl, Unsplash.com.

 Gravpass i Voss

Gravpassadministrasjonen i Voss herad har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjelunet), tlf 56 52 38 80.

Gravpassforvaltar er Svein Tøsse.



Ein del av noko større

av Tanya Gilbakken

Eg er amerikanar og kom til Voss i 1998 på grunn av kjærleik. Åra har gått og eg har stifta familie, fått ein venekrets, har gjevande arbeid og er aktiv i samfunns- og organisasjonsliv. Eg har no budd like lenge i Noreg som i USA. Eg er heldig, tenkjer eg, å ha blitt så godt mottatt av lokalsamfunnet. Integrert, heiter det. Ein del av noko større.

Eg las nyleg ei bok* skriven av ein journalist frå Washington Post som flytta familien sin frå storbyen på austkysten av USA til ei lita bygd i Minnesota, hovudsakleg grunna kostnadsnivået i storbyen. Dei fekk det ikkje til å gå rundt med kostnader for husleige på ei lita leilegheit, pendling som gjerne var 3 timer dagleg, barnepass mm. Trenden med heimekontor gjorde at arbeidsgjевaren var villig til å gå med på ein prøveperiode.

Det hører historia til at akkurat denne bygda hadde journalisten hengt ut tidlegare i ein artikkel basert på statistikk over "dei verste plasser å bu i USA". Kriteria var typisk målbar statistikk som værforhold, gjennomsnittstemperatur, natur (nærleik til vatn, sjø eller fjell), lønsnivå, mm. Det viste seg at innbyggjarane av bygda var djupt ueinig i å vere definert som den verste plassen å bu i USA og inviterte journalisten til å komme og oppleve bygda sjølv. Han tok

dei på ordet og etter eit besøk, flytta heile familien dit.

Familien fekk seg eiskikkeleg a-ha oppleving. Sjølv med lågare inntekt, hadde dei råd til einebustad med hage, og så mykje plass at dei utvida familien med både ein unge og fleire kjæledyr. Men det var ikkje berre dei materiale godene dei merka. Etter kort tid fekk dei ein nær venekrets, vart spurt om å vere med i styre og stell i organisasjonslivet, vart invitert til gudsteneste av den lokale presten. Dei blei integrerte. I motsetning til storbyen, der dei ikkje visste namnet på naboen ein gong. No kom naboen bort og uoppfordra tilbydde hjelp til både eitt og hitt. Etter fem år i bygda har dei ingen planer om å flytte.

Eg kjenner meg igjen i opplevinga til journalisten, både frå oppveksten min i ei lita bygd i Nord Dakota, men og frå flytting til Voss. Det er menneskelege, mindre målbare verdiar, som gjer at me trivst. Det er desse verdiane som eit lokalsamfunn eller kyrkjesamfunn må verne om. Det handlar om å vere open for å ta imot andre slik at alle kan vere integrert, ein del av noko større.

*Ingraham, Christopher. "If You Lived Here You'd Be Home Now: Why We Traded the Commuting Life For A Little House On The Prairie."

Seniortreff i Vonheim

Tysdag 13. september var det treff i Vonheim. Salen var fullsett då diakon Sigrid Djukastein Mala kunne ynskja oss varmt velkomne.

Me fekk ei hyggestund utan like, ei god blanding av ein innhaldsrik historietime og ei flott teateroppleveling.

Per Sivle var emnet og utøvaren var Einar Midtun.

Han fortalte levande om heile livet til Sivle. Starten var tragisk då mor hans, Susanna, var så fortvila at ho ynskte å ta livet sitt då ho vart gravid og foreldra ikkje ville vita av henne. Eirik Sivle var nok ikkje den svigersonen dei ynskte seg!

Susanna vart ikkje gammal. Etter tre tvilling-fødslar (6 gutter) døydde ho. Per var den einaste av dei som levde opp. Dette prega nok Per heile livet.

Midtun fortalte så levande om denne morlause, lengtande vesle guten. Men og om dei gode dagane, om trufaste vene og om dei gode evnene hans.

Me var innom Sogndal Folkehøgskule der



Per fekk to gode år med lærdom og venskap. Alt då hadde han skrive "Den fyrste song," for to av venene hans frå Lavik i Eksingedalen fekk den på eit ark, før den var offentleggjort.

Me høyrd om Sivle i sorg, sjukdom, skuffelse, men også glede og lukke.

Augo våre vart tårevåte, men snart etter høyrdest låtten utover heile salen. Mang ein lærar kunne misunna Midtun denne evna til å trollbinda tilhøyrarane.

Etter ei god matpause - med heimelaga fleskepannekaker, kaffi og blautkake, steig "skodespelaren" Einar Midtun fram.

Mange av dikta og songane til Sivle var han innom. Og så var det tid for vossastubbane.

Me "kjende" sorga og hjelpeleysa til vesle Per i "Berre ein hund" - der han låg med armane rundt hunden Hall, då faren og Samuel kom med børsa for å gjera ende på den magre, sjuke hunden.

Tårene var heller ikkje langt unna då me

høyrd om Fanta Nils - venen til Per - som hadde opplevt så mykje vondt og som no vart teken i eit skred. Han vart seinare funnen, ille medfaren. Men Per visste det var Nils, for der var jakka som Per hadde gitt han.

Men låtten var hjarteleg då me såg for oss Gamla Marta på Bakka som sladra "vidare" om dei to frå Eksingadalen som hadde "turka snjo på heile ovnen," selt det som salt, og slik øydela alt kjøtet til dei "stakkars Eksingedølene".

Eller i Slumpelukko - der Kolbein drog på fiske, og fekk mykje utruleg i "kastet" sitt. Me kunne sjå han for oss då han kom heim til kona og synte alt. Sidan ho hadde sagt at ho skulle eta alt rått det han fekk den kvelden, gir han henne "fangsten" og sa: "Dar har du mat'n din kjering. Set deg no bortåt bor'æ ta te nuska. Eg vona du har nok me øks'ne no te kveldsmat."



Inger Johanne Gullbrå, Bernt Daltveit og Ingrid Hagebø.

Eller om strilekona som fekk mannen til å byggja ein utedo like ved kyrkja, slik at dei fekk "nytta" det ut. Dei fekk god jord og gode poteter!

Det vart også ein tur til Stiklestad for oss. Me møtte Tord Foleson, der han kjempa for Olav Haraldson.

Midtun deklamerte heile diktet, og kom til siste verset:

"Mannen kan siga,
 men Merket det maa
 i Noreg si Jord
 som paa Stiklestad staa.
 Og det er det stora,
 og det er det glupa,
 at Merket det stend,
 um Mannen han stupa."

Då var me brått komne heim att. Til
 minnestenen etter Per Sivle på Stalheim.
 Der alt starta!

Tekst: Olly Langehaug



Vår faste pianist Kari Bye.



Seniortreffet er eit kulturelt og sosialt treff for eldre, arrangert av Voss sokneråd. Ei eiga nemd av flotte frivillige medarbeidarar, lagar til treffa. Blandt dei fyrste som starta opp var Sofie og Aslak Helleve.

Voss Kyrkjeakademi

Tysdag 18. oktober kl. 19.00 i Vonheim

Markering av 25-årsjubileum

"Mellom kyrkje, kultur og samfunn"

Knut Knudsen, tidlegare prost på Voss.

Litt song og musikk, og dekka bord med bursdagskake.

VELKOMEN !

Onsdag 9. november kl. 19.00 i Vonheim

"Kvinnene i Bibelen"

Kjersti Brakestad Boge, tidlegare prest på Voss

Tunshovden minnelund

Namna minnelund er eit omgrep som kanskje ikkje er så kjent for folk flest, så me nyttar høvet til å informere litt om dette. I mars i fjor vart den første urna lagt ned i den nye minnelunden på Tunshovden. 23. juni var det endeleg klart for offisiell opning ved ordførar i Voss herad, Hans-Erik Ringkjøb.

Folk reiser mykje, folk ser andre gravplassar. Me fekk førespurnad frå pårørande om me hadde etablert slik namna minnelund på Voss. Samstundes hadde me ein generell omtale om minnelundar i Kyrkjenytt. Voss kyrklege fellesråd vedtok difor i 2019 å gå for etablering av minnelund på Tunshovden gravplass, på Vangen. Minnelunden vart finansiert ved hjelp av midlar frå "Olav Gjøstein og Hustru Marta født Kvale's Fond".

Ein minnelund er eit område på gravplassen der ein har eit felles minnesmerke for fleire gravlagde. Den første minnelunden her i landet, vart anlagt i Bærum for om lag 20 år sidan. Den var meint for dei som ikkje hadde høve til, -eller ynskje om- å setje opp gravstein og å syte for stell av grava. Etter kvart har fleire kommunar fått minnelundar. Ein har sett at denne måten å gje nokon ein siste kvilestad dekkjer eit behov for mange pårørande. Bergen kyrklege fellesråd har alt bygd fleire minnelundar, og dette ser ut til å verte ein naturleg del av ny gravplassutbygging mange stader i landet.

Tunshovden namna minnelund er ulik gravplassane elles, for det er ikkje høve til å setje opp kors eller gravstein på grava. Staden der urna vert sett ned, er på plenen framfor blomebedet. Den vert ikkje merkt på noko vis. Etter kort tid har graset grodd og staden viser ikkje meir.



Pårørande får på førehand utdelt eit skjema der ein vel skrifttype og eventuelle symbol som skal inngraverast. Det vert rett før urnenedsetjinga montert ei namneplate på eit av dei tre minnesmerka, med namn, fødsels- og dødsdato.

Ved gravlegging kan det også gjerast plass

på minnesmerket for eiga namneplate for til dømes ektefelle. Då er reglane slik at ein betaler festeavgift for å setje av den ekstra plassen, slik som elles på gravplassane.

Pårørande kan setje snittblomar i vasar framfor minnesmerket. Det er også laga nisjer med plass for lys og lykter.



Dersom nokon ynskjer å nytte Tunshovden minnelund til gravstad, vel ein kremasjon, og melder frå anten til gravferdsbyrået, eller til gravplassforvaltinga som har kontor på Kyrkjelaget i Uttrågata 5.

Alle innbyggjarar i Voss herad kan nytte minnelunden til gravstad. Den høyrer ikkje berre til Voss sokn.

Voss herad har valt å bidra med kr 10.000 (2022-sats) til dei som er busette i sjølve Voss sokn, og som vel kremasjon framfor kistegrav. Dette har å gjere med den store belastninga det er på Voss gravplass. Ein ynskjer å redusere talet på kistegraver, og oppmodar til at fleire nytter kremasjon og urnegrav.

Tilskotet vert også utbetalt om ein nytter minnelunden. Det er fastsett ein eingongssum for gravlegging i minnelunden, på kr 6.250,- Denne dekkjer produksjon av namneplate, og ein andel av stell og vedlikehald av minnesmerket utrekna for minst 20 år. Gravplassbetjeninga syter for planting og stell av blomar i blomebeda.

20 år etter gravlegginga betaler ein vanleg ½ festeavgift for fem år om gongen. Det er med andre ord ingen kostnader på 20 år, utanom første eingongssummen, for ei enkel urnegrav.

Om du har spørsmål om Tunshovden minnelund, eller andre spørsmål om graver, festeavgifter, gravferder, så ta kontakt med gravplassforvaltinga på Kyrkjekontoret i Uttrågata 5, tlf 56 52 38 80

Gravplassforvaltinga har også ei eiga heimeside, www.gravplassivoss.no med nyttig informasjon.

Tekst: Svein Tøsse

Misjonsprosjektet



Alamitu er ny prosjektleiar for Safe Motherhood

Av Britt Hernes/Misjonsnemnda

Alamitu bur i Begi i Veste Etiopia. Ho er gift og har ein son på 5 år og ei dotter på 11 månadar.



Ho er blitt ny leiar for dette prosjektet med god støtte frå pastor Workinesh. Han er leiar for kvinnedepartementet og generalsekretær i Begi synoden. Han har også skrive søknaden for helseprosjektet.

Sonja Küspert frå NMS kom frå Addis Abeba for å møta Almitu og Workinesh, samt rekneskapsførar Tamiru. Dei diskuterte aktivitetane i prosjektet og framtida.

Til tross for urolege tider, hadde prosjektet eit godt første år med den forrige leiaren. Ti kvinneambasadørar vart opplært. Dei besøkjer no gravide i nærmiljøet for å gje informasjon og støtte. Det er også bygd eit venterom for gravide kvinner. Det vert gitt

opplysing til kvinner med fistulaskader og dei vert følgd til Addis Abbeba for operasjon.

Diverre er det framleis uro i fleire deler av Etiopia, også i vest. Innimellan blussar uroa opp med full styrke. Folk lengtar etter fred og forsoning men diverre er det sterke krefter i samfunnet som jobbar mot freden. Det fekk Almitu og tre andre kvinner oppleva. Dei var på veg til Fistula sjukehuset i Addis Abeba. På veg til flyplassen vart dei vitne til eit overfall av ei terrorgruppe som åpna eld mot det føderale politiet. Heldigvis slapp dei unna med skrekken. Det vert brukt fly til hovudstaden avdi det er tryggast. Prisen på drivstoff har stege drastisk. Difor vert ikkje fly så mykje dyrare enn bil.

Be om at Almitu får styrke til å stå i dette viktige arbeidet.

Misjonsprosjektet har eigen Vipps-konto: 505877.



Foto: Sonja Küspert

Kyrkjenytt for Vossabygdene 6/2022

Trusopplæring i kyrkjene våre

T-DAG

 Trusopplæringa i Voss

Desse sidene gjeld trusopplæringa i Voss.

Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døpte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år.

På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd i trusopplæringa, oppgåver og konkurransar.



Så skjedde det i år igjen... Tøyselammet Krølle klarte å lure seg unna gjetaren sin og gøynde seg godt oppå fjellet.

Men etter ein gong var toåringane veldig flinke og veldig raske til å leite, og alle reiste heim med sin eigen Krølle. På Krølletreffet fekk toåringane møte klovnane Tipp og Topp som fortalte om gjetaren som leita og leita etter det forsvunne lammet, akkurat slik Jesus leitar etter oss, og gjev ikkje opp før han finn oss. Etter forestillinga og "sauesanking" måla me kveldsbøn og åt Krøllegraut.



Har du nokon gong undra deg over englane i taket i Vangskyrkja? Eller kvifor prekestolen er så høgt oppe? Kva gjer ein eigentleg når ein døyper?



Treåringane fekk undre seg over dette og mykje anna, då dei var med på Undretur i Vangskyrkja. Me fekk også høre forteljinga om Jesus og borna. Jesus seier: "Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike hører slike til (Mark. 10, 14).

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18

T₆ Alle sokn


Seksåringar i heile Voss var i august inviterte til skattejakt rundt kyrkjene. Skattekartet kom i posten, og seksåringane kom spente til kyrkja. Men før skattekista kunne opnast måtte dei finne nøkkelen til låsen. Den fann dei ved å gjennomføre ulike postar som til slutt gav dei eit passord, som gav løyve til å leite etter nøkkelen.

Første-klasses.

Oppheim og Vinje sokn



Voss, Raundalen og Evanger og Bolstad sokn



Granvin sokn



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

T9

Oppheim og Vinje sokn



Ei vandring i pilegrimane sine spor. Ei vandring på Kongevegen. Ei vandring i tru. Niåringane på Vossestrand var, ein solfylt laurdag i september, med på pilegrimsvandring frå Oppheim kyrkje til Sælestova til Ivar Husdal på Vinje. Sjølvaste Heilage Olav sende oss ut på vandring med si fredshelsing. Me hadde mange stopp undervegs der me fekk vita meir om pilegrimar, om Kongevegen, om trua på Kvitekrist (Jesus) og meir. Litt leik var det og tid til. Heilag Olav hadde også laga til ei overrasking på vegen. Kva det var? Nei, det kan ikkje forteljast. Kanskje skal andre niåringar oppleva det same neste år? Heile turen enda i Sælestova på Vinje, der det var fyr i grua og nystekte vafler og saft. Takk for turen!

På sporet av Heilag Olav



T3

Oppheim og Vinje sokn



Undretur for treåringane på Vossestrand der dei fekk leika dåp og undre seg over kyrkjerommet. Ellen Marie viste korleis orgelet virka, og jammen var her nokre orgelspirer denne dagen og, som fekk prøva tangentane. Fotpedalane var dog litt langt nede- enno...



T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18

T4 Oppheim og Vinje sokn



Barnebibelen som vert delt ut i alle sokn på Voss er kjempeflott med mange gode forteljingar og fine bilete. No i haust hadde me ei eldre søster som var med på ein T-dag. Ho hadde lest heile Bibelen to gongar. Slå den, de ...




T1 Voss, Raundalen, Evanger og Bolstad, Granvin sokn



Opnar du døra inn til Vangskyrkja ein tysdags morgen no i haust vert du møtt av mange søte, små babyar og sjølvsagt ei mamma eller ein pappa i nærleiken. Det store kyrkjerommet er fylt av song, gurgelydar, fornøgde kvin, latter og litt gråt innimellom. Det er to like kurs, med felles lunsj i mellom som eit fint samlingspunkt (lunsjen er smurt av frivillige). Denne hausten er det 22 deltagarar. Nytt kurs kjem etter jol, i månadsskiftet januar/ februar. Du finn info om dette på kyrkja sine nettsider. Du kan sjølvsagt vera med på babysong om du ikkje har fått invitasjon.

BARNAS SIDE

Fargelegg! Jesus besøkte systrene Marta og Maria. Marta stressa og kava, men Maria sette seg ned og lytta til Jesus. Jesus sa: «Maria har valt den gode delen.»



Teikning:Trevor Keen

Kjell møtte Are som hadde ein apekatt på skuldra.
 – Kor fekk du tak i han? spurde Kjell.
 – Eg vann han på tivoli, svarte apekatten.

Vitsar

- Doktor, eg har sveigt ein kulepenn!
- Eg kjem med éin gong.
- Kva skal eg gjere i mellomtida?
- Bruk blyant.

Finn 5 feil


Teikning:Trevor Keen

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Finn vegen gjennom bikuben!

Kan du hjelpe bia å finne vegen gjennom bikuben?



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.



Bestill
abonnement

på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈



Kyrkjelydstur til Aldalen

Tekst og bilete: Gunn Horvei

Sundag 21. august gjekk kyrkjelydsturen i Evanger og Bolstad sokn til Aldalen på Bolstadøyri. Ja, der ingen skulle tru...veit du. 14 stk møtte opp på Meland i Øvstedalen i lett regn. Nokre gjekk, mens andre fekk skyss. Per Bjørvik og June tok vel imot oss med heist flagg og me fekk koma inn i den varme og koselege stova deira. Der fortalte Per om Aldalen og prest Frode Kvamsøe heldt andakt. Han snakka om å vera fri og om friheit. Kva er det? Eit tema som passa godt

i Aldalen. June og Per serverte "ein smak av Aldalen" som var heimelaga nysteikte hjortekarbonader. Kjempegode! Etterpå tok me fram medbrakt niste og kaffi og kosa oss.

Til slutt gjekk me bort til fabrikken og fekk omvising der. Der vart det litt handel for somme av oss. Me takkar June og Per for gjestfriheita som bidrog sterkt til at dette vart ein triveleg kyrkjelydstur.

Stølsmesse i Oppheimsdalen

Tekst og bilete: Jan-Ove Nordvik

På en av sommerens sjeldne solskinnsdager, 28. august avholdt Oppheim og Vinje kyrkjelyd sin tradisjonelle stølsmesse. Ferden gikk som alltid til vakre Tjødnarhovden hos familien Sundsvoll.

Dette var den femtende gangen på rad stølsmessen ble holdt i Oppheimsdalen men tradisjonen med stølsmessen er mye eldre. Bord, stoler, telt og ikke minst den gode tradisjonelle dravlen hadde familien Sundsvoll også i år organisert.

Oppmøtet var godt i det vakre sensommerværet og mennesker i alle aldre benket seg foran Cato Torsvik sin foreløpige siste messe før han dro nordover for et vikariat i gamle Finnmark fylke. Men før han dro presenterte han sin avløser Arnulf Sandvik som benyttet anledningen til å fortelle litt om seg selv. Cato presenterte for kyrkjelyden også årets konfirmantkull

og hver av de kommende konfirmantene fikk fra kyrkjelyden et lite trekors. Preiken stod Cato Torsvik for. Margunn Blikkberg Nordgård, Åshild Giljarhus og Ellen Marie Selland Geithung stod for det musikalske.

Etter preken fikk alle som ville ha hjemmelaget rømmegrøt, Stranda-dravle og grillmat som soknerådet hadde laget til. Det var også som i fjor hesteskokaste-konkurranse før vi alle fikk kaffi, saft og hjemmebakst.

Stølsmessen er en hyggelig og fin tradisjon som familien Sundsvoll bidrar til. Oppheim og Vinje sokneråd vil rette en stor takk for at vi får komme til fjells å avholde gudstjeneste i så vakre omgivelser. Soknerådet vil også rette en takk til alle som har bidratt til dette arrangementet



Ei helsing og takk til folket i Ulvik og Granvin.

Sidan 2016 har eg vore sokneprest i Ulvik og Granvin. Det har vore ei glede for meg å vere prest i kyrkjelydane og mellom folket i sokna.

Som mange av dykk veit har eg levd med kreft i mange år. Kreften vart diagnostisert i 2010 og sidan det har eg vore gjennom 4 store operasjonar. Diverre har ein ikkje kunne stansa sjukdomen. Dei siste 2 åra har eg arbeidd i 50%. Dei siste månadane har diverre situasjonen min vorte merkbart verre. Det gjer at eg ikkje har makta å ta gudstenester, kyrklelege handlingar og ha konfirmantar. Truleg må eg redusere arbeidsmengda ytterlegare.

Slik eg ser det er ein av dei viktigaste oppgåvene til ein prest å kunne vere til teneste for dei ho eller han er satt til å tene. Å vere nær/saman med kyrkjelyden. På grunn av helsa maktar eg ikkje det lenger, difor har eg bede om at biskopen løyser meg frå stillinga som sokneprest i Ulvik og Granvin.

Eg har gått attende til stilling som prostiprest. I denne stillinga vil eg vere meir til disposisjon for prosten, der han måtte ha trøng for hjelp.

At underteikna er fristilt gjer at ein no kan lyse ut stillinga som sokneprest i Ulvik og Granvin på ny. Det kunne ein ikkje så lenge eg sat i stillinga/med stillingsheimelen. Inntil vidare vil Bengt Arvidsson ha mesteparten av tenestene i sokna og vere den

presten de oftast møter.

Eg er beden om å fortsette som geistlig representant i Ulvik sokneråd/fellesråd og i Granvin sokneråd (sitje i fellesråd/sokneråd). Eg vil elles drive med planlegging og administrasjon for Ulvik / Granvin og vere til administrativ hjelp for prosten.



Skulle helsa verte betre, vil det, mest sannsynleg, vere mogeleg for meg å tre inn att i aktiv presteteneste. Eg håpar det beste og tenkjer at eg midt oppe i alt er i Herrens hender og i mange si forbøn.

Eg vil takke dykk alle i Ulvik og Granvin, særskild sokneråda og tilsette, for den måte de har møtt meg på. Det har og vore mange fine møter og samtalar med folk i sokna, i glede og i sorg, i helg og kvardag. Takk for den støtta de har vist meg i omsut og forbøn med gode ord og måten de har teke imot meg på. TUSEN TAKK!

Gud signe dykk alle!

Magnar, prest



Helgemesse/Allehelgensdag

Sundag 6. november er det helgemesse/allehelgensdag som vert markert i alle våre sokn. Der vert pårørande og familie invitert til ei minnegudsteneste med rom for sorg og sakn.

For mange er denne dagen ein minnedag, då tankane våre går til dei som ikkje lenger er mellom oss. Mange går til kyrkjegarden, på grava eller minnelunden denne dagen, for å minnast dei som er døde og tenna lys. Vi i kyrkja ser ikkje berre dei vakre lysa, vi ser òg at livet er skjørt og får ta del i håpet om det evige liv. Denne dagen vert liva våre sette i ein større samanheng.

På dei ulike minnegudstenestene vil me minnast og lesa opp namna på dei som er gravlagde i sitt sokn sidan sist helgemesse/allehelgensundag, i innråming av vakker musikk.

For nokon har det gått eitt år, for andre kortare tid, for dei fleste vil det opplevast som kort tid sidan dødsfallet og saknet er sårt. Vi ynskjer difor å invitera dykk til ei stille stund i kyrkja på helgemessesundag, der de er omgjevne av menneske og Gud i sorga.

Vi sender ut ein invitasjon via brev til dei som er pårørande og har mista ein av sine nærmaste det siste året, men her er alle velkomne år etter år.

Det vil ellers bli annonsert i avis Hordaland, på nettsida vår og plakatar. Har de spørsmål må de gjerne ta kontakt!

De er alle hjartegleg velkomne!

Diakon Sigrid Djukastein Mala.

Einsam

Det kan være einsomt å syrja,
Einsamt sjølv saman med andre.

Ingen kan tenke tankane mine.
Ingen kan gråte tårene mine.

Ingen kjenner saknet mitt.
Eg må også syrja åleine på min måte
For å finna veg gjennom sorgas landskap.

Dikt av Ragnhild Bakke Waale.

Minnegudsteneste i **Evanger kyrkje** sundag 6. november kl. 11.00

Helgemesse i **Raudalskyrkja** sundag 6. november kl. 17.00

Helgemesse i **Vinje kyrkje** sundag 6. november kl. 19.30

Helgemesse i **Granvin kyrkje** sundag 6. november kl. 19.30

Helgemesse i **Vangskyrkja** sundag 6. november kl. 11.00

Minnegudsteneste for Voss i **Vangskyrkja** sundag 6. november kl. 17.00

Grøn kyrkjelyd

Åpenheitslova - del 2

Tekst: Arne Mosefinn

Åpenheitslova er ein milepæl i arbeidet for å halda selskap ansvarlege for arbeidstilhøve og større open framferd. Norge er først ut med å sikra forbrukarar, fagforeiningar, frivillige organisasjonar, journalistar og andre rett til informasjon, ved førespurnad. Felles innsats gir von om endring.

Du har no rett til å få generell informasjon og informasjon knytt til ei vare eller teneste du kanskje vurderer å kjøpa, eller akkurat har kjøpt. Begge byggjer på selskapa sine plikter, også kalt aktsemeldsvurderingar: At dei skal vita kva som går føre seg i deira leverandørkjede, førebyggja menneskerettsbrot og sist, men ikkje minst, sikre at slike brot vert retta opp.

Informasjonen du kan be om er:

1. Generell informasjon om kva selskapet gjer for å sikra anständige arbeidstilhøve, anten det er snakk om produksjon av varer (til dømes ein gensar, mobiltelefon, møblar) eller tenester (til dømes vaske- eller datatenester). Viss du spør etter generell informasjon vil du mest truleg verta vist til bedrifta si heimeside eller etikkrappor der dette står skildra. Ei slik utgreiing må selskapet leggja ut på si heimeside før 30. juni kvart år.
2. Du kan også spørja etter informasjon knytt til ei vare eller teneste som verksemda tilbyr. Det betyr at selskapet må fortelja om arbeidstilhøva ved dei produksjonsstadene varene kjem frå viss du spør om det.

Tips før du spør eit selskap om informasjon:

Tenk igjennom kva du vil spørja om og kva du vil bruka informasjonen til. Finn kontaktinformasjon til selskapet. Du må senda eit skriftleg spørsmål. Gjerne e-post, men Facebook, Instagram og andre kanalar går også bra. Del gjerne svaret du har fått på sosiale media.

Kva kan du spørja om?

Du kan stilla spørsmål om mange ulike sider ved selskapet sitt etikkarbeid, eller om produksjonstilhøva bak ei vare. Her har du nokre døme:

- I kva for deler av produksjonen vert arbeidet med å sikra menneskerettane prioritert?
- Tener arbeidarane som har sydd desse buksene ei løn dei kan leva av?
- Kva gjer de for å sikra retten til å organisera seg ved dykkar leverandørar i t.d. Bangladesh?
- Eg har sett på nyhenda at det er mykje barnearbeid i Pakistan. Kva gjer de for å motverke barnearbeid?
- Kvifor har ikkje de krav til levelønn i dykkar etiske retningslinjer?
- Kjøper de varer frå Myanmar? Det er et land som nå vert styrt av ein militærjunta som står bak grove menneskerettsbrot. Viss ja, kvifor held de fram å gjera det?
- Kjem noko av bomullen i sengetøyet de sel frå Xinjiang i Kina? Eg har lest at dette er eit område der det har blitt dokumentert tvangsarbeid og andre systematiske brot på uigurane sine grunnleggjande rettar. Og eg vil helst ikkje kjøpa varer som kjem frå dette området.

Du kan også spørja om tilhøve som endå ikkje vert dekka av åpenheitslova, til dømes om når eit selskap har tenkt å leggja ut si leverandørliste på nettsida, eller når selskapet har tenkt å leggja til rette for at du skal få vita ved kva for produksjonsstad ei vare er produsert. Kanskje vil ikkje selskapet gje deg det svaret du vona å få, men viss mange spør, kan det føra til at dei endrar praksis.

Hugs at du har rett til dekkande og skjøneleg svar, det vil seia eit svar på det du faktisk spør om. Viss du meiner at tilbakemeldinga frå selskapet ikkje er dekkande nok, så spør igjen!

 <p>VOSS SPAREBANK - skapar verdiar for deg og lokalsamfunn www.vossabanken.no - 56 52 03 00</p>	 <p>MYRK DALEN myrkdalen.no</p>	 <p>Vekselbanken - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 - med tilbod til liten og stor</p>
<p>Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.</p>  <p>MIA GÄVER</p>  <p>VESTLAND TRAFIKKOPPLÆRING</p>	<p>Me ordnar alt vedrørande dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar</p> <p>VIRKE GRAFFERD  Vinsands GRAVFERDSBYRÅ Telefon 56 51 11 94 www.vinsand.no</p>	 <p>AZETS Azets Insight AS avd. Voss Evangervegen 3, 5704 Voss Autorisert regnskapsførerselskap visma.no/outsourcing</p>
 <p>O.L.KYTHE AS entreprenør</p> <p>Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60</p>	 <p>Voss Energi -rein vossakraft!</p>	<p>Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?</p>  <p>pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36</p>
 <p>UINJO</p>	 <p>KIWI pris Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35</p>	<p>GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyinger og oppussing – ta kontakt med:</p> <p>STEIN & MERKE Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099</p>
<p>Nordhordland Begravelsesbyrå AS VIRKE GRAFFERD</p> <p>Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no</p> <p>Stort utvalg i blomster og gravminne!</p> <p>KYRKJVEGEN 1 5911 Alversund FREKAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70</p> <p>Me går saman med deg hele vegen</p>	 <p>Voss Blomster handel Tlf 56513196</p>	<p>Voss Bokhandel Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16</p>
<p>Din røyrleggjar i sentrum Snakk med Comfort Helge Nikolaisen A/S Installasjon - Service - Vedlikehald Velkommen i butikken! Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss</p> <p></p>	<p>VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS Vi ordnar alt vedrørande dødsfall. Kransar, oppsatsar og bårebukettar fritt levert til gravferda. Gravmonument. Tlf. 56 59 74 70 - Mobil. 911 79 766</p>	 <p>Padlekurs på Elv og Hav – Teambuilding www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995</p>
 <p>VOSS MØBEL OG TREVAREVERKSTAD AS</p>	<p>Skyvedørskarmar Loftstrapper Inspeksjonsluker</p>	<p>Anleggsgartner og trepliatar GUNNAR LILLETHUN Tlf. 901 19 315 • www.lillethun.no</p> 
 <p>HMV Maskin EIK Senteret Voss</p>	<p>EIK SENTERET</p> <p>Stolte tradisjonar, ny næring</p>	<p>Regimentsvegen 14 5705 Voss +47 56 52 91 30 hmvgruppa.no Verkstad og delleager</p>

Kyrkjelege handlingar

DØYSTE

Granvin sokn:

28.08	Vera Teigen
28.08	Saga Johanna Vik Kjerland
04.09	Håkon Østerbø
18.09	Trym Mandelid Holven

Raundalen sokn:

11.09	Emil Bjørkum Slettemark
-------	-------------------------

Vinje sokn:

11.09	Joar Devik
-------	------------

Voss sokn:

27.08	Magnus Midtbø Wahl
27.08	Ole Selje Bakketun
27.08	Dennis Selland Hommedal
27.08	Amelia Heggenes Petterson
27.08	Oddne Hjelle Nestås
27.08	Magnus Hystad Ulrich
27.08	Sivert Vågen Midthun
04.09	Ingrid Mandt Nesheim
04.09	Olav Hereid Klette
11.09	Nora Bakken Skutle
11.09	Kaia Finne Østrem
17.09	Amanda Akselsen Ringheim.
18.09	Edvard Lauritzen
18.09	Solveig Svindland Alver
18.09	Våril Møen Opheim
18.09	Hanna Bryn Flæte
18.09	Oline Skutle
18.09	Malene Tellevik Jordalen
18.09	Knut Klausson Finne

DØDE

Evanger og Bolstad sokn:

17.08	Gunnvald Styve, f. 1952
-------	-------------------------

Granvin sokn:

02.09	Lars Seim, f. 1939
-------	--------------------

Oppheim sokn:

28.07	Ragna Ettesvoll, f. 1929
13.09	Wojciech Henryk Stencel, f. 1969

Vinje sokn:

13.08	Anita Irene Jordalen, f. 1962
15.09	Gunnar Gjerald, f. 1942

Voss sokn:

03.08	Gudrun Reime, f. 1926
06.08	Brynjulf Opheim, f. 1951
10.08	Jan-Olof Øberg, f. 1957
11.08	Ranveig Een, f. 1928
14.08	Anders Fenne, f. 937
18.08	Hans Tore Ringkjøb, f. 1935
18.08	Ingjerd Sønnesyn, f. 1925
20.08	Ingunn Sognefest, f. 1944
30.08	Brita Holsen, f. 1927
01.09	Erling Bertin Bjørke, f. 1933
01.09	Knut Gjertsen, f. 1925
03.09	Ingebjørg Lirhus, f. 1941
03.09	Marta Gjersvik Danielsen, f. 1927
04.09	Brita Velure, f. 1930
04.09	Solveig Styve, f. 1930
05.09	Magne Arne Midtun, f. 938
06.09	Halvard Asbjørn Klemet Halonen, f. 1940
11.09	Marta Egdetveit, f. 1930

VIGDE

Voss sokn:

27.08	Katrine Bekkenes Horvei og Ola Himle
27.08	Karin Vågen og Joakim Midthun

27.08	Camilla Hjertholm og Michael Norman
03.09	Laurence Potter
	Silje Almeland og Odd Endre Jordalen
	Mørkve

DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

Slik føregår barnedåp hjå oss:

- 1. Foreldre/føresette** melder barnet til dåp, helst via nettsida vår.
- 2. Presten** tek kontakt for å avtale ein samtal, ofte nær dåpsdatoen.
- 3. Dåpssamtalen** er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
- 4. Dåpen.** I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
- 5. Dåpsattest** er eit dokument foreldra får som viser at barnet er døypt.

Me ynskjer alle **velkomne til dåp** hjå oss, og me står gjerne til teneste. Ein kan t.d. låne dåpskjole hjå oss (sjå biletet). Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå nettsida vår www.voss.kyrkja.no/dåp



Gudstenesteliste

Bolstadøyri bedehus:

23.10 kl 16.00 Hausttakkefest. Familiegudsteneste med kyrkjekaffi
27.11 kl 11.00 Familiegudsteneste med T3, T4 og T5

Evanger kyrkje:

06.11 kl 11.00 Minnegudsteneste

Granvin kyrkje:

23.10 kl 11.00 Familiegudsteneste med dåp
06.11 kl 19.30 Minnegudsteneste
20.11 kl 11.00 Familiegudsteneste med T4 - Utdeling av barnebibel til 4 åringane

Oppheim kyrkje:

30.10 kl 11.00 Skriftemålgudsteneste med nattverd
27.11 kl 19.30 Lysmesse med konfirmantane

Raundalskyrkja:

06.11 kl 17.00 Helgemesse

Vangskyrkja:

23.10 kl 11.00 Familiegudsteneste med dåp.
Barnekoret MiniMidiSing deltek, og me delar ut 4-års bøker
30.10 kl 11.00 Folkemusikkmesse med nattverd
06.11 kl 11.00 Helgemesse (allehelgensdagsgudsteneste) med nattverd
06.11 kl 17.00 Minnegudsteneste. Pårørande etter gravferd siste året er særlig invitert, men alle er velkommen
10.11 kl 19.30. Ung messe. Alle er velkommen til ei gudsteneste med eit litt anna liturgisk og musikalsk sær preg
13.11 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd
20.11 kl 16.00 Fellesgudsteneste for forfølgde kristne. Vi feirar gudsteneste saman med dei andre kyrkjesamfunna på Voss. Etter gudstenesta vert det fakkeltog og kyrkjekaffi på torget
27.11 kl 11.00 Gudsteneste med dåp

Vinje kyrkje:

06.11 kl 19.30 Helgemesse
13.11 kl 11.00 Familiegudsteneste. T5 - julekrubbe-verkstad

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!



Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).

Aktivitetskalender

Ope kyrkje i Vangskyrkja kvar måndag 18-21. Tidebøn frå kl 18.

18. oktober markerer me **25-årsjubileum for Voss Kyrkjeakadem**i i Vonheim.

8. november vert det **Seniortreff** i Vonheim kl 12. Denne gongen er det ynskjekonsert med Odd Hagen.

9. november kan du møte Kjersti Brakestad Boge hjå **Voss Kyrkjeakadem**i i Vonheim.

11. november vert det **T10/T11 - Lys Vaken** med lysmesse i Evanger kyrkje (Evanger og Bolstad sokn).

14., 15. og 16. november vert det **T5 - jolekrybbeverkstad** i Vonheim (Voss og Raundalen sokn).

16. november vert det **Misjon og Mosjon**.

18. november vert det **T11 - Lys Vaken** i Oppheim kyrkje (Vinje og Oppheim sokn).

19. november vert det **T3 - Undretur** i Granvin kyrkje (Granvin sokn).

29. november er det **SuperTysdag** i Vonheim. Sjå facebooksida for påmelding til middag.